

Fra: Linda Judith Svidal Nordås <linda.svidal.nordas@osteroy.kommune.no>

Sendt: 26.06.2023 15:19:00

Til: Henrik S. Mjelde <henriksmjelde@gmail.com>, Helge Valestrand Edvardsdal <helgeed@hotmail.com>, Øyvind Litland <oyvind.litland47@gmail.com>, Jarle Hanstveit <jarle.hanstveit@gmail.com>

Kopi: Ingri Thomassen <ingri.thomassen@osteroy.kommune.no>

Emne: Ang KDP idrett og fysisk aktivitet

Hei!

Det har vore stille frå oss i administrasjonen mtp KDP idrett og fysisk aktivitet i heile vinter og vår. Vi har arbeidd med eigarskapsmelding, men erfarte fort at dette ikkje kunne bli eit hastverksarbeid. Samtidig har det vore ein del vakansar i kommunen som gjer at vi ikkje har hatt riktig kompetanse «på huset» til å fullføre eigarskapsmeldinga.

Vi har også sett at det er kunstig å la kulturfeltet og frivilligheten elles stå utanfor denne planen. Det har vore vanskelig å sjå kvar vi skal sette grensene.

Dette resulterte i at vi nå på siste H-styremøte leverte sak om at vi ynskja å stoppe planen før den er ferdig, og få behandla ei eigarskapsmelding først. Vidare ynskjer vi å levere nytt planprogram som tek høgde for kulturfeltet og frivilligheten, og samle dette i ein plan. Dette må da inn i ny planstrategi som skal leverast før neste sommar.

De er framleis valt inn i ei arbeidsgruppe for å gje innspel til eigarskapsmeldinga. Vi ser for oss eit møte til, og det vil da vere ein gjennomgang av denne før vi melder den opp til politisk behandling. Vi vil invitere inn til dette møtet til hausten.

Dette til dykkar orientering.

Beste helsing

Linda Svidal Nordås

Leder, Kultur og mangfold



**OSTERØY
KOMMUNE**



41 50 82 06



osteroy.kommune.no

Eg gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse;

All korrespondanse vert vurdert for journalføring.